

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 18.01.2012  
Sakhandsamar: **Anne Kristin Kleiven**  
Saka gjeld: **Årleg melding 2011 for Helse Førde HF**

**Arkivsak**

2012/171/

**Styresak 005/2012 A**

**Styremøte 27.01.2012**

---

## Forslag til vedtak

1. Årleg melding 2011 for Helse Førde HF vert vedteken som den ligg føre.

## Oppsummering

Styret sin rapport for det føregåande året er ein rapport på oppfølginga av dei ulike styrings- og resultatkrava, slik dei går fram av styringsdokumentet.

Oppfølging av Helse Førde sin strategiplan (2010 – 2020), jamfør styresak 037/10 V, "Målbilete og modell for somatiske spesialisthelsetenester i Helse Førde HF mot 2020," har vore styrande for ein vesentleg del av aktiviteten i 2011.

Føretaket kan vise til gode resultat på sentrale kvalitetsindikatorar.

## Fakta

I medhald av § 34 helseføretakslova skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding for 2011 til Helse- og omsorgsdepartementet. Helseføretaka skal sende ei tilsvarende årleg melding til Helse Vest RHF. Denne meldinga skal inngå som underlag for Helse Vest RHF si melding til departementet.

Meldinga er eit ledd i eit samanhengande plan- og styringssystem mellom Helse Vest RHF og helseføretaka, og skal i tråd med § 13 i vedtektene til helseføretaka innehalde:

- A. Styret sitt plandokument for verksemda
- B. Styret sin rapport for det føregåande året

## Kommentar

Styret sin rapport for det føregåande året er ein rapport på oppfølginga av dei ulike styrings- og resultatkrava, slik dei går fram av styringsdokumentet.

### Hovudområde for styring og oppfølging i 2011:

Målet med strategiarbeidet er å tilby moderne, kunnskapsbaserte og trygge tenester innan tilgjengelege økonomiske rammer til innbyggjarane i heile Sogn og Fjordane. Vidare er det eit mål å tilpasse drifta til den økonomiske ramma. Dei økonomiske utfordringane har i stor grad vore knytt til strukturelle utfordringar. Føretaket har av den grunn fått høve til å gå mellombels med underskot på 40 millionar i 2011.

I 2011 har føretaket hatt høgt fokus på å gjennomføre vedtekne omstillingar;

- Kirurgisk klinikk/ortopedisk avdeling.

Nedlegging av ortopedisk seksjon ved Nordfjord sjukehus, samt omstillingar ved Førde sentralsjukehus og Lærdal sjukehus for å ivareta aktivitetsbehovet. Det er etablert ein mellombels skadepoliklinikk for å ivareta behovet for å ivareta enklare undersøkingar og behandlingar, slik at pasientar slepp unødig lange reiser. Ei meir langsiktig løysing vil bli vurdert i regi av Utviklingsprosjektet for Nordfjord lokalsjukehus, der ein vil vurdere tilbodet utifrå korleis ein kan få ei riktig oppgåveløysing i samarbeid med kommunane i Nordfjord.

- Medisinsk klinikk.

Forprosjekt, kartlegging av tenestetilbodet, vart starta opp hausten 2011. Omstillingsprosjekt med sikte på å gjennomføre vedteke målbilete vil bli starta opp vinter/vår 2012. Tenestene vi bli tilpassa konklusjonane i kartlegginga.

- Fødetenestene.

Det er gjennomført ei undersøking blant kommunane i høvesvis Nordfjord og Lærdal lokalsjukehusområde vedrørande eventuell etablering av jordmorstyrt fødestove. Utifrå dei to prosessane har Helse Førde HF gjort innstilling om at det ikkje blir etablert jordmorstyrt fødestove i dei to lokalsjukehusområda. Sakene er oversendt Helse Vest HF for handsaming der. Det vil i 2012 bli arbeid vidare med dei framtidige fødetenestene etter sluttbehandling i Helse Vest.

Utviklingsprosjektet «Framtidas Nordfjord lokalsjukehus» starta opp desember 2011. Dette er eit prosjekt i regi av Helse Vest HF. Pilotprosjektet skal vurdere framtidige lokalsjukehusfunksjonar i Nordfjord, og også ha eit nasjonalt perspektiv.

Helsefaglege styringskrav har i 2011 hatt fokus på desse områda:

- Pasientbehandling og pasienttryggleik; prosedyrar for trygg kirurgi, strukturert gjennomgang av journalar (GTT), tryggleik i høve legemiddel (LOP-prosjektet), og prosedyrar for å hindre uønska innsyn i pasientjournalar.
- Pasienttryggleikskampanjen har hatt eit særlig fokus på slutten av året, ved etablering av intern organisering og oppfølging av føringar frå sentralt og regionalt hald.
- Helse Førde HF har hatt fokus på kvalitetsutvikling i alle ledd, og har i inneverande år vidareutvikla den felles, strukturelle metodikken for forbedringsarbeid.
- Diagnostisering og behandling av kreft (20 dagars regelen), inkludert styrking av patologisk avdeling.
- Tverrfagleg spesialisert rusbehandling, prosjekt «raskare tilbake.»
- Rekruttering og utdanning av helsepersonell
- Forsking. Forskingsaktiviteten ved Helse Førde har vorte styrka og aktiviteten har auka monaleg i 2011.
- Opplæring av pasientar og pårørande (læring og meistring)

Andre fokusområde og styringskrav for 2011 har omhandla:

- Samhandlingsreforma – arbeid med rammeavtale og delavtalar har hatt høgt fokus, og arbeidet er i rute i høve til overordna fristar. Føretaket er også involvert i sju ulike fylkesomfattande utviklingsprosjekt i samarbeid med kommunane og andre samarbeidspartar.
- Innføring av nye elektroniske hjelpemiddel i journalsystem og kommunikasjon mot kommunane
- Ventetider og rett prioritering av pasientgrupper (inkludert barn og unge med behov for hjelp frå psykisk helsevern).
- Oppfølging av tilsynssaker – lukke avvik / læring
- Samordna kommunikasjon
- Felles regional mal for styresaker
- Jfr også vedlagte tabell, oversyn over styringsparameter og Helse Førde HF sine resultat
- Vidare og styrka satsing på fedmebehandling
- Ernæring og mattryggleik
- Gjennomgang av bygningsmasse for vurdering av investeringsbehov

## **Samla vurdering**

Arbeidet med omstilling til vedteken modell for somatisk spesialisthelseteneste i Helse Førde er under arbeid, med sikte på ei samla bærekraftig utvikling av Helse Førde framover mot 2020.

Føretaket har, som i 2010 synt ei god utvikling innan fleire sentrale kvalitetsindikatorar, og også når det gjeld den gradvise justeringa til økonomisk ramme. Utfordringa er framleis å skape varig økonomisk handlefridom, og å etablere bærekraftige system for forvaltning av eigedomar og utstyr.

Rekruttering av kvalifisert personell og vidareutvikling av kulturen vår for trygge og gode tenester til innbygarane blir noko av det viktigaste å arbeide vidare med, også i 2012. Helse Førde HF er i gang med ei rekke ulike prosjekt og utviklingsarbeid, for å følgje opp sentrale styringskrav. Trass i at det er utfordrande for eit mindre helseføretak å stille tilstrekkelig ressursar til alle dei ulike oppgåvene, har ein greidd å ivareta dei ulike styringskrava på ein god måte ved hjelp av dyktige medarbeidarar i alle ledd.

VEDLEGG:

1. Utkast til Årleg melding 2011 for Helse Førde HF
2. Vedlagt tabell, styringsparameter med resultat